



Flyktningplan for Lærdal kommune



Innhold:

Innleiing.....	3
1. Mål og føresetnader.....	3
1.1. Måltal på busetting i Lærdal kommune.....	3
1.2. Mål for flyktningarbeidet i Lærdal.....	4
1.3. Føresetnader for å lukkast med flyktningarbeidet.....	5
2.0. Organiseringa av flyktningarbeidet.....	5
2.1. Flyktingtenesta.....	5
2.2. Flyktingtenesta og tverrfagleg samarbeid.....	6
2.3. Introduksjonsprogrammet.....	6
2.4. Helse.....	8
2.5. Bustad.....	8
2.6. Skule, barnehage og SFO.....	9
2.7. Kultur og fritid.....	9
2.8. NAV.....	9
3. Samarbeid med eksterne tenester.....	10
3.1. Norsk og samfunnskunnskap.....	10
3.2. Interkommunalt samarbeid.....	10
3.3. Tolketeneste.....	10
4. Kommunikasjon.....	10
5. Økonomi.....	11
5.1. Integreringstilskot.....	11
5.2. Norsk- og grunntilskot.....	12
6. Dei ulike fasane i flyktingarbeidet.....	13

INNLEIING

Lærdal kommune har som mål å busette 60 flyktningar over ein 4 års periode. Det er viktig å forstå at for at dette skal verta eit positivt bidrag til- og oppleving for kommunen må alle einingar i kommunen vera villig til å bidra til integrering i form av språk- og arbeidspraksisplassar, samarbeid på tvers av einingar og å bidra på andre måtar i flyktningarbeidet.

Flyktningplanen byggjer på nasjonal flyktning- og integreringspolitikk og dei retningslinjer som er utarbeidd frå statleg hold. Dette gjeld mellom anna Stortingsmelding nr. 49 «*Mangfold gjennom inkludering og deltaking – ansvar og frihet*», og Lov om Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (Introduksjonslova: www.imdi.no 2015).

Behovet for å busette flyktningar er stort. Om lag 5000 flyktningar som har fått opphald i Norge har enno ikkje blitt busett i en kommune. Målet er at flyktningar skal kome til ein kommune innan seks månader etter innvilga opphald. Nesten halvparten av dei som ventar i mottak i dag har venta lengjer enn det. I tillegg kjem overføringsflyktningar frå ulike land, og då spesielt Syria. Det er samstundes viktig at kommunen ser samheng mellom vedtak på busetting og behovet for bustader i Lærdal.

Introduksjonsprogrammet som flyktningane skal inn i gir dei grunnleggjande ferdigheiter i norsk, innsikt i norsk samfunns og kulturliv, og forbereda dei for deltaking i yrkeslivet.

Introduksjonsprogrammet følgjer introduksjonslova og er 2 årig med moglegheit for å utvida til eitt tredje. Programmet skal vera heilårleg og på fulltid. I tillegg til opplæring i norsk og samfunnsfag skal det innehalde språk- og arbeidspraksis, og andre naudsynte tiltak som bidreg til integrering.

Haldningsskapande arbeid, rettleiing for betre integrering av flyktningane og økt forståing for norske lovar, reglar og haldningar er viktig. Flyktningane må også ha oppfølging i praktiske kvardags ting i bustaden og innan økonomi.

Denne planen skal vere eit konkret, levande dokument – eit arbeidsverktøy i flyktningarbeidet. Den skal vera tydeleg på kva staten og Lærdal kommune pålegga og oppmoda dei ulike kommunale tenestemråda til.

1.MÅL OG FØRESETNADER

1.1 Måltal på busetting i Lærdal kommune

I møte 20.juni 2013 sak 032/13, vedtok Lærdal kommunestyre følgjande: «Lærdal kommune skal ta imot inntil 15 flyktningar kvart år over fire år i samsvar med nasjonale føringar. Økonomiske detaljar vert å handsame i saka om Økonomi og handlingsplanen 2014-2017». Det vil seie totalt 60 flyktningar pluss familiesameining. Grunna situasjonen i Syria ønskjer Lærdal kommune å auke talet på busetting med 28 overføringsflyktningar frå Syria innan 2017 i tillegg til det ståande vedtaket på 60 personar.

Ved busetting av einslege flyktningar må ein pårekna familiesameining, som då vil kome i tillegg til det opphavlege talet på flyktningar som vert busett. Ved busetting av 88 flyktningar må ein difor rekne med at det i praksis kjem totalt minst 100- 110 personar.

I 2014 vart det busett 6 flyktingar og det var ein fødsel like etter busetting som ikkje tel som busetting. Det har også vorte busett 7 einslege personar i 2015, tre av desse har søkt om familiesameining med familie i heimlandet. I tillegg har kommunen busett ein familie på tre personar med overføringsflyktingar frå Syria . Per dags dato har ikkje flyktingtenesta tilgjenge på fleire ledige bustader. Generelt er bustadene kommunen framleiger til flyktingane små og med veldig variert standard. Flyktingtenesta disponera berre midlertidig ein kommunalt eigd bustad med eitt soverom.

Noverande bustadsituasjon i Lærdal både på det private marknaden, men spesielt mangel på tilbod om kommunale bustader gjer det vanskeleg å planleggje busetting. Talet på busetting per år vil variera etter tilgjenge på bustader i den private marknaden. Det er von om at dette vil endra seg når fleire utbyggjar prosjekt vert ferdigstilt og dersom kommunen vel å byggja sjølv. Husbanken har gode finansieringsordningar slik at kommunane kan byggja sjølv.

Skal kommunen klara målet med å busette 88 flyktingar må det byggast bustader. Ein må også ta omsyn til at fleire av dei som vert busett ønskjer **familiesameining** med born og ektefelle, dette kjem i tillegg til vedtaket på busetting av 60 + 28 flyktingar.

1.2 Mål for flyktingarbeidet i Lærdal kommune:

Overordna mål:

- Ta imot og busetje talet flyktingar som kommunestyret vedtek for kvart år.
- Senda evaluering og anbefaling på vidare arbeid etter erfaringar frå dei fyrste åra.
- Få tak i nok bustader på den private marknaden til busetting av flyktingar.
- **Oppmoda kommunen om å ta ansvar for å byggja bustader og sjå samanheng mellom bustadmarknaden og vedtak om busetjing.**
- Flyktingarbeidet skal være godt organisert og forankra slik at flyktingane opplever å verte godt mottekne, integrert og inkludert i lokalsamfunnet
- Flyktingane skal få den rettleinga og hjelpen dei treng, slik at dei blir sjølvstendige innbyggjarar i kommunen
- Flyktingarbeidet skal vera godt forankra i heile kommuneleiinga, flyktingtenesta har ikkje ansvaret aleine

Kortsiktige mål:

- Ta imot og busetje talet flyktingar vedteke av kommunestyret og etter talet på tilgjengelege bustader i Lærdal
- Kome med evaluering og vurdering av busetjingsprosessen
- Utarbeide ein plan for flyktingarbeidet i kommunen
- Byggje opp ein god flyktingteneste i kommunen
- Etablere samarbeid mellom flyktingtenesta og aktuelle samarbeidspartnarar i og utanfor kommunen.
- Utarbeide individuell handlingsplan for kvar flykting som revideras etter behov/endringar.
- Få tak i og etablere faste arbeids- og språkpraksisplassar til flyktingane

1.3 Føresetnader for å lukkast med flyktingarbeidet

- Nok bustader til disposisjon for flyktingtenesta.
- **Tilstrekkeleg personalressursar med relevant kompetanse.**
- Kunnskap om dei sentrale føringane i integrerings- og mangfaldspolitikken
- Ei god forankring hjå einingsleierane i kommunen. Felles forståing av ansvar.
- Eit godt og forpliktande samarbeid mellom flyktingtenesta og kommunale og eksterne samarbeidspartnarar
- Tett oppfølging av flyktingane frå den dagen dei flyttar til kommunen til dei er sjølvhjelpne (busetjing, introduksjonsprogram, integreringsarbeid).
- Eit positivt nærmiljø
- Økonomisk tryggleik for flyktingane
- Tilstrekkeleg økonomiske midlar til flyktingarbeidet
- God informasjon til bygdefolket

Det er viktig å forstå at flyktingane skal ha eit heiltidstilbod tilsvarande 37,5 timars veke med vaksenopplæring i kombinasjon med språk- og arbeidspraksis og eventuelle kultur og fritidsaktivitetar.

2.0 ORGANISERING AV FLYKTINGARBEIDET I LÆRDAL

2.1 Flyktingtenesta

Lærdal kommunestyre vedtok at det skulle opprettast ein stilling som flyktingkonsulent.

Flyktingkonsulenten rapporterer til leiar av Nav Lærdal.

Arbeidsoppgåver til flyktingkonsulenten vil vera:

- Koordinering av flyktingarbeidet og etablering av ei tverrfagleg flyktingteneste
- Fatte vedtak om deltaking i introduksjonsprogram
- **Utarbeide og følgje opp individuelle planer for kvar flykting**
- **Følgje opp og informera om bruk av bustad, brannsikkerheit, avfallssortering med meir**
- **Rettleia flyktingane innan økonomi, samfunn, skule, kultur og fritidstilbod**
- Bidra til at samarbeid mellom flyktingtenesta og kommunale og eksterne samarbeidspartnarar fungera.
- Følgje opp og kvalitetssikre tiltak som vert i gangsett
- Budsjettansvar og anvisningsmyndigheit på eige ansvarsområde i samsvar med delegasjon frå leiar.
- Innkalle til samarbeidsmøte i flyktingtenesta med aktuelle etatar etter behov.
- Etablere og følgje opp nettverksarbeid
- Skrive saker til politisk behandling

Etter kvart som tal på busette flyktingar aukar, må bemanninga i flyktingtenesta vurderast. I enkelte kommunar set ein kapasitetsgrensa for eit årsverk ved 20 flyktingar per programrådgjevar(www.imdi.no , 2015) Det er vanleg at kommunar som buset mange flyktingar har programrådgjevarar og miljøarbeidarar i tillegg til flyktingkonsulent. Alternativt fleire flyktingkonsulentar. Programrådgjevaren jobbar berre med introduksjonsprogrammet som



individuell plan, språk- og arbeidspraksisplassar i tillegg til oppfølging av bustaden dersom det ikkje er miljøarbeidar i kommunen. Flyktningkonsulenten har eit enda større ansvarsområde som ein ser overfor.

2.2 Flyktningtenesta og tverrfagleg samarbeid

Flyktningkonsulenten organiserer ei tverrfagleg gruppe som består av helsesøster, representantar innan psykisk helse i Lærdal, representant frå skulen og flyktningkonsulent. Dette er ei tverrfagleg flyktningteneste bestående av dei gruppene som oftast er i direkte kontakt med flyktningane eller av erfaring moglegvis vert det. I tillegg vert NAV leiar og rådmann innkalla årleg. Det er viktig at det er god kommunikasjon mellom desse representantane og at ein har ein arena for å ta opp spørsmål eller problemstillingar som dukkar opp i flyktningarbeidet.

2.3 Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet følgjer «*Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrar (introduksjonsloven).*»

Alle kommunar som busett flyktningar pliktar å gje dei som er i målgruppa tilbod om introduksjonsprogram. Ordninga varer inntil 2 år og kan forlengjast til 3 år dersom forhold tilseier det.

Gjennom programmet vil deltakarane lære det dei treng for å få jobb eller ta utdanning. Deltakarane får lønn under opplæringa.

Programmet skal minst innehalde

- Opplæring i norsk og samfunnskunnskap
- Rettleiing innan økonomi, bustad, kultur og fritidstilbod
- Tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til yrkeslivet som arbeids- og språkpraksis.

I følgje introduksjonsloven skal deltakarane inn på introduksjonsprogrammet innan 3 månadar etter busetting. Det skal være eit heilårleg fulltids- tilbod. Det følgjer vanleg arbeidsuke (5 dagar og 37,5 timar). Alle deltakarane har rett til 5 veker ferie i året.

Deltakarane får lønn for å vera med i introduksjonsprogrammet. Fråvær som ikkje er godkjend vil gje trekk i løn/stønad. Stønaden er samordna med andre offentlege ytingar som dagpengar, sjukepengar, attføringspeng og liknande. Deltakarane kan ha løn frå anna jobb, til dømes på kveldstid, i tillegg til programmet utan å miste noko av introduksjonsstønaden.

Introduksjonsstønaden er 2 grunnbeløp som per dags dato gjer ein brutto månadsutbetaling på 14728 kroner (skattepliktig). Ungdom under 25 år får 2/3 av 2G.

Målet med programmet er å gjere deltakarane i stand til å få vanleg arbeid eller utdanning, og å vera aktiv i det norske samfunnet. I introduksjonsprogrammet vil dei lære det norske språk, og gjennom arbeidspraksis vil dei lære korleis arbeidslivet artar seg i Norge.

I programmet vil dei og lære mykje om sitt nye heimland. Dei skal bli kjend med lokalsamfunnet, og få informasjon om kva moglegheiter som finnas innan utdanning, arbeid og fritidsaktivitetar.



Viktige områder i programmet:

Kartlegging: Ein god kartlegging av den enkelte sine interesser og det dei har gjort før dei kom til Noreg er viktig slik at dei kan få eit tilbod som passer deira ønskjer og mål. Dette gjer oversikt over den enkelte sine kvalifikasjonar/erfaring/utdanning dei hadde før dei kom til Noreg, og kva for mål og ønskjer dei har framover. Det er også viktig å avklara om det er behov for realkompetansevurdering på grunn- eller vidaregåande skule nivå.

Individuell Kvalifiseringsplan: Introduksjonsprogrammet er ein plan for dei neste 2 åra flyktningane er i Norge. Ein strategi for å nå måla må og verta belyst i planen. Planen vert utarbeidd i samarbeid mellom flyktningkonsulent og den enkelte flyktning. Planen må vera på agendaen ved oppfølgingsmøter. Den er eit levande dokument som må oppdaterast og eventuelt endrast på. Kommunen pliktar å utarbeide eit tilbod som passer for den enkelte.

Oppfølging: Den enkelte flyktning og flyktningkonsulenten samarbeider om å finne arbeid, oppgåver, aktiviteter som passer til kvalifiseringsplanen. Denne oppdateras/endrast undervegs.

Norsk- og samfunnsfagopplæring:

Dette er ein viktig aktivitet i introduksjonsprogrammet. Ein viktig faktor for å oppnå ei god integrering er å få kunnskap om den norske kulturen, det norske samfunnslivet og det norske språket.

Lærdal kommune kjøper tenester på vaksenopplæring i norsk og samfunnsfag frå Sogndal. Det er eitt års oppseiing på kontrakten med Sogndal. Det er norskundervisning to- tre dagar i veka i Sogndal. Samfunnsfagsdelen på 50 timar går i haust og vinterferien for dei som ikkje er ferdig med dette allereie. Resten av programmet går til dagleg i Lærdal med arbeids og språkpraksis og andre tiltak som leksehjelp og fritidstilbod. Rettleiing/oppfølging på ulike områder som nemnd vert også gjort gjennom flyktningtenesta i Lærdal. Sjå derimot punkt 3,2, «interkommunalt samarbeid» om samarbeid i feriane til lærarane.

Arbeids- og språkpraksis:

Praksisplass i introduksjonsprogrammet brukast her som ein fellesnemning for både språk- og arbeidspraksis. Målet er å styrka den enkelte sin moglegheit for å kome i arbeid eller utdanning.

Språkpraksis er ein metode i norskopplæringa som kan brukast i ein tidleg fase i introduksjonsprogrammet. Målet er å forbetra språkkunnskapane.

Språkpraksisen gjer moglegheit til å praktisere norsk utanfor klasserommet. Det er derfor ikkje nødvendig at praksisen er relevant i forhold til framtidig yrke eller utdanning sjølv om dette er ønskjeleg og det optimale.

Arbeidspraksis er eit arbeidsmarknadstiltak og kan arrangerast i regi av NAV. Målet er å styrka den enkelte sin moglegheit for å kome i arbeid eller utdanning. Arbeidspraksis bør byggje på deltakaren sin kompetanse, og gje opplæring og relevant arbeidserfaring i forhold til den enkelte sin individuelle plan.

Kursbevis: Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet får eit kursbevis når dei har gjennomført programmet.

2.4 Helse

Flyktningane må få eit godt og individuelt tilpassa helsetilbod, både når det gjeld tannhelse, fysisk- og psykisk helse. Kartlegging i høve helsebehov må verta gjort på eit tidleg tidspunkt. Det må vera gode samarbeidsrutinar for oppfølging på tvers av etatar i kommunen. Ei god kartlegging gjev moglegheit for gode førebyggjande og behandlande helsetenester. Helsesøster og psykisk helse deltek allereie aktivt på møter i regi av flyktningtenesta. Alle flyktningar får tildelt fastlege og får ei tannhelse undersøking innan rimeleg tid etter busetting.

2.5 Bustad

Lærdal kommune har ansvar for å finna egna bustader for flyktningar. Skal målet om busetting av 15 per år i tillegg til eventuelt 28 overføringsflyktningar innan 2017 nås, er dette heilt avhengig av at kommunen sjølv tek ansvar og bygger bustader.

Målet er at flyktningane skaffar seg eigne bustadar på sikt når dei vert i stand til det økonomisk. Det har vist seg at føresetnadane enda ikkje mogleggjer busetting av 15 flyktningar per år grunna mangel på kommunale bustader og få bustader på den private marknaden. Bustadene må per dags dato også ha tilgjenge til offentleg transport slik at flyktningane kan delta på vaksenopplæring i Sogndal, tilgjenge på offentlege kontor/ helsevesen, språk og arbeidspraksis i Lærdalsøyri, aktivitetar på doktorheimen og treningar med idrettslaget.

Flyktningane får eitt tilbod om bustad. Størrelse og standard vil variera etter bustadmarknaden i Lærdal. Størrelse avheng også om det er familiar eller einslege som flyttar til kommunen.

Bustadane vil verta møblert og klargjort før busetting. Det vert ytt etableringsstønad til flyktningane i dette høvet. Det vert nytta både brukte og nye møblar. Ved fullført introduksjonsprogram vil inventaret følgje flyktningen/-ane, jamfør vedtak om etableringsstønad.

Det er ønskjeleg at ansvaret for kommunale bustader og kommunalt framleige av bustader vert organiserast under eitt kontor og med ein bustadsansvarleg i kommunen. Det er og ønskjeleg at plan og teknisk etat tek ansvar for enkle vaktmester/praktiske oppgåver på alle framleigde bustader der dette er naudsynt, og er med på førebuing av bustadane før busetting. Etter kvart som det kjem fleire bustader som vert framleigd eller eventuelt bygd, vil det verta ei vanskeleg oppgåve for flyktningtenesta å gjera dette i tillegg til alt anna som skal gjerast i ein busettingsprosess. Kompetansen på dette området ligg også hjå plan og teknisk.

Det vert utarbeid ein leigekontrakt med depositumsgaranti som skal signerast før innflytting, samt ordensreglar for bustaden i høve husleige lova.

Det er ønskjeleg at bustaden ikkje har høgare husleige enn at flyktningane sjølv kan betala den. Flyktningane søkjer i tillegg om bustønad frå Husbanken. Rettleiing på dette vert gjennom flyktningtenesta og NAV kontoret.

2.6 Skule, barnehage og sfo

Barnehagen har ein viktig rolle som oppvekst- og læringsarena for barn under opplæringspliktig alder. Barnehagen skal støtte barns utvikling ut fra egne forutsetningar og gje det enkelte barn og barnegruppa utfordringar. Den skal gje eit individuelt tilpassa og likeverdigtilbod og bidra til ein meiningsfull oppvekst uansett funksjonsnivå, bustad, sosial, kulturell og etnisk bakgrunn.
(www.udir.no)

- Haldningsskapande arbeid med vekt på antirasisme skal foregå i barnehagar og skular.
- Lærdal kommune gir flyktningbarn prioritet ved opptak i barnehage og SFO

For å sikre kvinnenenes deltaking i introduksjonsprogrammet, og sikre barna ei god integrering og språkutvikling, må flyktningbarn sikrast barnehageplass/SFO kort tid etter flytting til kommunen.

Grunnskulen har ansvar for opplæring for barn i aldersgruppa 6-16 år. For ungdom mellom 16-20 år som kjem til landet utan grunnskule har kommunen plikt til å gje eksamensretta grunnskuleopplæring.

2.7 Kultur og fritid

Det er viktig at flyktningane har moglegheit for å delta på kultur og fritidsaktivitetar på lik linje med andre. Dette vil gje god nettverksbygging og integrering i lokalsamfunnet i Lærdal.

Kultur og fritid inngår i introduksjonsprogrammet.

Det har allereie blitt oppretta samarbeid med idrettslaget som har ei felles basistreningsøkt kvar torsdag frå kl. 19-20 der nokre av flyktningane deltek. Det har også blitt oppretta samarbeid med doktorheimen med tur kvar måndag for dei av flyktningane som ikkje er i språkpraksis eller har anna aktivitet denne dagen. Lokala på doktorheimen vert også nytta til informasjonsarbeid og leksehjelp med frivillige i samarbeid med flyktningkonsulenten som er til stades, organisera, og har ansvar for informasjonsarbeidet på måndagane. Det er også oppretta kontakt med den lokale fotballgruppa.

Det kan ved enkelte høver vera behov for at flyktningkonsulenten deltek saman med flyktningane på aktivitetar, som til dømes på første trening med idrettslaget for å introdusera nye. Flyktningane sine interesser for kultur- og fritidsaktivitetar vert kartlagd i busettingsfasen og det vert gitt informasjon om aktuelle kultur-/fritidstilbod i Lærdal.

2.8 NAV

Flyktningtenesta i Lærdal er plassert innafor Nav.

Flyktningane har introduksjonsstønad og det er meininga at dette skal vera nok til å leva på. Den skal gjera dei mest mogleg økonomisk sjølvstendige og uavhengige. I tillegg kjem som tidlegare nemnd, bustønad frå husbanken som skal supplera husleiga.

Dersom dei har behov for ekstra støtte til livsopphald (at stønaden ikkje strekk til) vil det vurderast hjå sosialtenesta i kommunen. Det er ønskjeleg at organiseringa i NAV på sikt vert som for andre



bebuarar i Lærdal kommune og at dei får tildelt ein saksbehandlar etter fødselsnummer. Dette gjeld også i den vidare oppfølginga av flyktningane (om behov) etter at introduksjonsprogrammet er ferdig.

3. Samarbeid med eksterne tenester

3.1 Norsk og samfunnskunnskap

Lærdal kommune har samarbeidsavtale med Vaksenopplæringa i Sogndal om vaksenopplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det vert no i 2015 vurdert om Lærdal skal ta over norskundervisninga eller samarbeide med Aurland kommune om dette.

3.2 Interkommunalt samarbeid

Flyktningkonsulenten i Lærdal samarbeida med flyktningtenestane i Leikanger, Luster og Sogndal kommune for å laga eit program på heiltid til flyktningane når lærarane har haust, vinter, påske og sommarferie. Introduksjonsprogrammet følgjer som nemnd arbeidslivsreglar med berre 5 vekers ferie årleg. Det betyr at me må ha noko å tilby deltakarane når lærarane har fri/ferie. Dette vert lettare løyst gjennom interkommunalt samarbeid, noko som anbefalast av fylkesmannen i Sogn og fjordane. Så langt har det vorte organisert undervisning i regi av flyktningtenestane blant anna innan arbeidsretta norsk, trening og helse, brannøving, førstehjelp, symjekurs med meir.

3.3 Tolketeneste

Flyktningtenesta har inngått avtale med Hero Tolk.

Alle flyktningar skal få tilbod om tolketeneste i møter/saker/situasjonar det vert nødvendig.

Flyktningtenesta kan rettleia om bruk av tolketenesta.

Det kan nyttas tolk via telefon. Oppmøte tolk er ikkje tilgjengeleg for området per dags dato.

Nav/flyktningtenesta skal fortløpande vurdere kvaliteten på tolkinga. I tillegg bør ein sjå på andre tilbydarar sin pris anna kvart år, slik at rimelegaste tilbod kan nyttast om det er vesentleg avvik (10 %). Kvalitet betyr likevel mest.

4. Kommunikasjon

Informasjon er ein viktig føresetnad for å lykkas med integreringsarbeidet. Informasjon bidrar til å mellom anna oppklara misforståingar, tilføre kunnskap og å redusera framandfrykt og fordommar. Rett og tilstrekkeleg informasjon er viktig:

Informasjon til flyktningane

Flyktningane må få tilstrekkeleg informasjon for å verte sjølvhjelpne og å kunna delta i samfunnet. Dei får jamleg oppfølging og informasjon av flyktningtenesta gjennom tolkesamtaler med informasjon om lokalsamfunn, økonomi, helse og fritidstilbod. Det vert oppfølging/informasjon om bruk av bustaden, om arbeidslivet i Noreg i høve arbeids-/språkpraksisplass, vaksenopplæring med meir.



Informasjon om flyktningane – til bygdefolket, bedrifter, lag, organisasjonar

Det er viktig at bygdefolket får tilstrekkeleg informasjon og vert involvert i arbeidet med integrering av flyktningane. Dette kan gjerast gjennom media som Helg & kvardag, informasjonsmøter med bedrifter i høve arbeids-/språkpraksis. Elles også gjennom deltaking på felles aktivitetar og treningar lokalt i til dømes; idrettslaget, doktorheimen/aktivitetshuset, kyrkja, skulen, med meir. Det er i direkte kontakt mellom flyktningar og lokalbefolkninga i fellesaktivitetar og arrangement at fordommar og skepsis forsvinn.

Informasjon til tilsette i kommunen og politikarane

Skal bidra til at dei tilsette og politikarane vert kjend med arbeidet med busetting av flyktningane, få kjennskap til flyktningane sin situasjon og vera med å bidra til eit positivt integreringsarbeid.

Politikarane vert jamleg heldt orientert om flyktningarbeidet, både gjennom skriftlege og munnleg orientering.

Aktuelle einingsleiarar vert jamleg informert i samarbeidsmøter og via e-post.

Viktige informasjonskanalar er:

- Flyktingtenesta med jamlege møter. Flyktingtenesta er samansett av helsesøster, representantar frå psykisk helse, inspektør frå skulen og flyktingkonsulent. I tillegg deltek NAV Leiar og Rådmann på nokre møter.
- Direkte kontakt: flyktingkonsulenten er kontaktperson. Samtidig vert det viktig at tilsette på servicetorget i kommunen har kunnskap om temaet.
- Lokalavis; Helg&Kvardag og Porten. I Lærdal er det viktig å bruka lokale kanalar som når ut til flest mogleg.

Det vert viktig å bruka media for å synleggjera positive resultat og hendingar og at flyktningane sjølv bidreg i informasjonsarbeidet.

5. Økonomi

Lærdal kommune vil få ulike tilskot frå staten for å dekkja kommunale kostnader ved busetting av flyktningar.

Det vert utbetalt integreringstilskot til kommunane for kvar busette person, for å dekkja kostnader til busetting og integrering. Norsktilskot for å dekkja utgifter i høve vaksenopplæringa, norsk og samfunnsfag. Søknadsskjema for integreringstilskot ligg på www.imdi.no.

5.1. Integreringstilskot

Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år.

Stortinget har fastsatt følgjande satsar i 2015 (desse satsane endrast årleg):

År 1	Kr. 182.000 (voksen, barn, enslig mindreårig)
	Kr. 232.000 (enslig voksen)
År 2	Kr. 210.000 (alle)



År 3 Kr. 152.000
År 4 Kr. 82.200
År 5 Kr. 70.000

Personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som har opphald på humanitært grunnlag vil utløysa eit integreringstilskot i 3 år.

Det vert gitt barnehagetilskot, eit eingongstilskot for barn mellom 0-5 år – kr.24.400.

Det vert og gitt ekstra eingongstilskot for personar over 60 år – kr 157.500

Kommunar som busett einslege mindreårige flyktningar, asylsøkarar og/eller einslege mindreårige personar med opphald på humanitært grunnlag, mottar i tillegg til det ordinære integreringstilskotet eit særskilt tilskot for einslege mindreårige. Tilskotet er i 2014 på kr. 185.400 pr år pr barn. Einslege mindreårige flyktningar krev døgnbemanna oppfølging på bustaden.

Etter søknad kan kommunen tildelast ekstra eingongstilskot ved busetting av personar med kjende funksjonshemmingar eller atferdsvansker.

Sjå www.imdi.no «integreringstilskudd» for meir informasjon.

5.2. Norsk- og grunntilskot

Tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonsloven består av eit persontilskot(norsktilskot) og eit grunntilskot.

I 2015 gjelder tilskotet for personer som har rett og plikt eller bare rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og som har fått første opphalds- og arbeidstillating som dannar grunnlag for permanent opphaldstillating etter 1. januar 2013 (www.imdi.no, 2014).

Oversikt over norsktilskot, høg sats (gjeld for personer frå Afrika, Øst Europa, Sør- Amerika, Mellom- Amerika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand):

År 1 (2015) Kr. 31 900
År 2 (2014) Kr. 57 800
År 3 (2013) Kr. 35 900

Norsk tilskotet går i dag til Sogndal for dekking av utgiftar ved vaksenopplæringa der.

Grunntilskotet tilsvara 560 000 kr til alle kommunar som har busett meir enn 3 (4- 150) flyktningar med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk i år 1-3 etter busetting . Dette vert utbetalt på nyåret.

Sjå rundskriv: 4/2015 «Tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap» på www.imdi.no for meir informasjon om tilskota.

I høve dagens avtale med Sogndal går 85% av grunntilskotet til vaksenopplæringa i Sogndal.

6. Dei ulike fasane i flyktingarbeidet

Dei ulike fasane:

1. Utsøkingfasen - Perioden frå Lærdal kommune mottake utsøkingpapira, til flyktingane fysisk er på plass i Lærdal.
I denne perioden må bustad skaffast og klargjerast. Norsk opplæringa, den tverrfaglege flyktingtenesta og andre sentrale samarbeidspartar får melding om dato for planlagd busetting og eventuelle tiltak planleggjast. Det er kan vera ønskjeleg å besøke flyktingane på mottaket før dei flyttar til Lærdal i særlege høve.
2. Busettingsfasen – dei 3 fyrste månadene flyktingane bur i Lærdal.
Det skal utarbeidast eit busettingsprogram for tiltak som skal gjennomførast i busettingsfasen. Ein del praktisk arbeid, som til dømes flyttemelding til folkeregisteret og posten, søknad om skattekort, fastlegeordninga, hjelpa dei med å flytta inn i bustad, informasjon om kommune, omvising, aktivitetstilbod, vaksenopplæring, Skule- eller barnehagestart. Kartleggingssamtale med telefontolk vert om mogleg utført første veka for å utarbeida ein individuell kvalifiseringsplan for kvar enkelt, kartlegga kort spesielle helse behov, med meir.
Oppstart av introduksjonsprogrammet.
3. Introduksjonsfase – 2 år.
I løpet av denne fasen skal den enkelte flykting jobba etter individuell plan og verta førebudd på yrkeslivet eller vidare utdanning i Norge. Tett oppfølging av flyktingtenesta og nok praksisplassar i kommunen og det lokale næringslivet i denne perioden er heilt sentralt for å lukkast.
4. Oppfølgingsfasen
Etter avslutta introduksjonsprogram treng fortsatt nokon av flyktingane oppfølging. Det kan til dømes vere til jobbsøking, tiltak, utdanning, og anna økonomisk rettleiing. Det er då ønskjeleg at rettleiarar frå NAV lokalt tek hovudansvaret for vidare oppfølging.

Referansar

www.imdi.no og www.udir.no 2015

Flyktingtenesta i Lærdal 30.06.2015